

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.**

[**800**] N-25914. (Tidlegare omtala: Hagland 1986a: 33, 43; 1990b: 29, [37]; NIyR VI: 202, omtala som A144; Christophersen 1998: 27.)

Innskrifta står på ein på merkelapp av tre, 105 mm lang og eit største tverrsnitt på 15 x 8 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1225 og 1275. Det er runer på den eine av breisidene, på den andre eit kryss. Innskrifta står midt på den breiaste delen av merket, ho er 8 mm lang og runene 8 mm høge. På den eine sida av merket er det eit avsprekt stykke slik at nedre delen av runene er defekte. Ein del av staven og bogen er såleis borte av r. 1, men det er elles ingen tvil om at det er **þ**. På r. 2 vantar også ein del av staven og berre restar av nedre kvist kan sporast. Det er mest rimeleg at det er **o** som er skoren inn her.

þ ǫ(?)

**þ o**(?)

Eigarmerkinga må her vera ei eller anna form for avstyting, men korleis denne sekvensen **þ o** elles skal oppfastast, er uklårt. Interessant er det difor at tilsvarande innskrift finst på to av merka frå Bryggen i Bergen (N740 og 741). Dei merka har innbyrdes noko ulik utforming, slik at det ikkje kan påvisast nokon openberr samanheng mellom dei to frå Bergen med denne litt kryptiske innskrifta og denne frå Trondheim.